

# Søkjarmangel

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

Staten ønskjer at kommunane skal opprette fleire psykologstillingar. Ei rekkje kommunar har oppretta slike stillingar. Men det har vore liten respons på stillingsannonsane.

– Vi trudde dette skulle vere lettare enn det viste seg å vere. Vi har lyst ut stillingar, men vi har ikkje fått tilsett nokon. Vi fekk ein søkjar, men vedkomande sa nei til stillinga, fortel Åse Bjerkestrand, som er einingsleiar for barn, familie og helse i Kristiansund. [...]

På same måte har Rauma, Haram, Molde og Ålesund jakta på psykologar til slike stillingar. Verksemdsleiar Solveig Ekremsvik i Ålesund fortel at det ikkje var søkjarar første gong stillinga blei lyst ut.

– Det er heilt uforståeleg. Det er heilt uforståeleg når det gjeld ei så spennande stilling som dette, seier Ekremsvik.

*NRK Møre og Romsdal 1.9.2011*